

# Møteprotokoll

**Utval:** Styret for Nausdal-Gjengedal landskapsvernområde  
**Møtesad:** Formannskapetssalen, kommunehuset, Skei i Jølster  
**Dato:** 21.08.2012  
**Tidspunkt:** 10:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jorunn Eide Kirketeig	MEDL	
Iris Loftheim	MEDL	
Oddmund Klakegg	MEDL	

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ragnhild Sæle	Oddmund Klakegg	

## Merknader

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Statens naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar (referent)

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals - saks nr	Innhald	Lukka	Arkiv - saks nr
ST 39/12	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 40/12	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 41/12	Søknad om tiltaksmidler til reoperasjon av Myklandsstøylsvegen		2012/2668
ST 42/12	Søknad om tiltaksmidler til prøvefiske i Vonavatnet		2012/3309
ST 43/12	Investering i jernhest		2011/4917
ST 44/12	Orienteringssak - Status på tiltak og prosjekt i 2012		
ST 45/12	Orienteringssak - Framtidige tiltak og prosjekt		
ST 46/12	Eventuelt		

### ST 39/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

#### **Vedtak:**

Styret godkjenner innkalling og sakliste utan merknader

### ST 40/12 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

#### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner og signerer protokoll frå førre møte

#### **Vedtak**

Styret signerer protokoll frå styremøte 4/12 utan merknader

### ST 41/12 Søknad om tiltaksmidler til reparasjon av Myklandsstøylsvegen

Arkivsaksnr: 2012/2668-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 25.07.2012

Utvalg	Utvalgs sak	Møte dato
Styret for Naus tdal-Gjengedal lands kaps vernområde	41/12	21.08.2012

### Søknad om tiltaks midlar til reperasjon av Myklands støyls vegen

#### Søknaden

Etter uveiret i romjula 2011 (Dagmar) vart det store skadar på den ca 3 km lange vegen som går frå inste garden på Mykland og inn til Myklandsstølylen. Vatnet grov opp vegen og laga opptil ein halvmeter djupe holer i vegen. Grunneigarane som eig vegen har hatt store kostnader på reperasjon av vegen etter Dagmar. Det har vore kostnader til leige av gravemaskin, sålding av sand/grus og arbeid.

Grunneigarane søker om kr 20.000,- i tiltaks midlar frå Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernemråde. Pengane skal vere med å dekke noko av kostnadane ved reperasjonen av vegen.

#### Kostnader:

Utgifter som grunneigarane har hatt til dette oppryddingsarbeidet:

Leige av gravemaskin til å reparere vegen:	9.575,-
Leige av gravemaskin til sålding av sand (Byrkjelo Maskin)	11.500,-
Totale utgifter:	21.075,-

#### Eigeninnsats:

Grunneigarane stilte opp med traktorar og hengarar for å køyre sand til reperasjonen. Totalt stilte dei opp i 25 timar à 350,-:

8.750,-

Kostnader totalt:

29.825,-

#### Vurdering

Myklandsstøylsvegen ligg utanfor landskapsverneområdet, men den er ein innfallsport til området. Her er det lagt ein del ressursar i å legge innfallsporten til rette:

- SNO har sett opp infoskilt
- Grunneigarane held på med å bygge parkeringsplass ved hjelp av midlar som kom i samband med opprettinga av vernet
- Grunneigarane skal bygge ny utedo i samband med parkeringsplassen. Den gamle vart teken av snøfonn.

Når det vert satsa sopass mykje på innfallsporten frå ulike hald, er det viktig at ein sikar at innfallsporten kan brukast. Det er derfor viktig at vegen er i køyrbar stand.

Arbeid er ferdig utført, det vart utført no i vår. Vegen var ikkje i køyrbar stand og måtte reparerast før ein kunne komme seg inn til støylen. Verneområdeforvaltaren var på synfaring til Myklandsstøylen 10. juli. Vegen ser veldig bra ut no, den er heilt fin å køyre på for vanlege personbilar.

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde har framleis 100.000 i ubrukne tiltaksmidlar for 2012. Vi har no kome halvvegs i året, og det har ikkje kome inn andre søknadar på desse midlane til no. Styret har derfor rom for å tildele omsøkt sum.

### **Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova**

Tiltaket er allereie gjennomført, og verneområdeforvaltar har vore på synfaring. Det vart ikkje registrert nokon negative verknader på naturverdiar av tiltaket.

Kunnskapsgrunlaget må seiast å vere godt opplyst. Tiltaket har ikkje auka den samla belastninga på området, men heller redusert det i og med at vegen no kan brukast som før. Tiltaket er dessutan gjort utanfor landskapsvernområdet.

### **Verneområdeforvaltaren s i inns tilling :**

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde imøtekjem søknaden om midlar til reperasjon av Myklandstøylsvegen, og løyver kr 20.000,- til det tiltaket som er gjort.

### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg

## ST 42/12 Søknad om tiltaksmidler til prøvafiske i Vonavatnet

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 21.08.2012

Verneområdes tyret for  
Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Saks fremlegg

Arkivsaksnr: 2012/3309-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 25.07.2012

Utvalg	Utvalgs sak	Møte dato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde		21.08.2012

### Søknad om tiltaksmidler til prøvafiske i Vonavatnet

#### Søknaden

Øvre Naustdal Utmarkslag (ØNU) ynskjer å gjere fiskestelltiltak for å betre tilstanden på fiskebestanden i Vonavatnet, øvst i Naustedalen. For å få kunnskap om kva som er rette tiltaket, vil ØNU få gjennomført eit prøvafiske i Vonavatnet. Dei har fått eit tilbod frå Harald Sægrov i Rådgivende Biologer AS på prøvafiske og rapport.

ØNU vil få kostnader på totalt kr 85.000,- til prøvafisaket, og søker derfor Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde om kr 85.000,- frå styret sine tiltaksmidler for 2012.

#### Verneområdeforvaltaren si vurdering

Fiskeressursane er viktige utmarksressursar både i og rundt verneområdet. Dei er ofte viktige element i bruken av områda, både den bruken som turistar står for og lokalbefolkninga sin bruk av verneområda. Det er i alle si interesse at tilstanden på fiskeressursane er so god som mogeleg.

Skal ein forvalte fiskeressursane på ein god måte, treng ein kunnskap. Det er derfor særst positivt at grunneigarane ynskjer å skaffe ny og solid kunnskap om dette. Fiskeressursane er eit satsingsområde for forvaltninga av verneområdet, so innhenting av kunnskap om fiskebestandane er eit tiltak som forvaltninga bør støtte opp om.

Øvre Naustdal Utmarkslag har søkt om å få prøvafisaket fullfinansiert gjennom styret sine tiltaksmidler. I so fall vil nesten alle tiltaksmidlane til styret gå til eit prosjekt/tiltak. Ein bør prøve å skaffe finansiering til dette tiltaket frå fleire kjelder, og der bør vere ein viss eigeninnsats eller eigenandel.

I totalkostnaden er det rekna med kr 10.000,- i utgifter til assistent. Denne kostnaden kan dekkast ved eigeninnsats. Av den resterande kostnaden på kr 75.000,- kan det vere høveleg at styret dekkjer halvparten, og at ØNU finn andre kjelder i tilskotsapparat etc til å dekkje den andre halvparten.

Vurdering av tiltaket opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Dette er eit tiltak som er med på å styrke kunnskapsgrunnlaget jf. § 8. Tiltaket vil ikkje føre med seg inngrep eller konsekvensar som treng vektleggast jf. §§ 9-11. Prøvefiske med bruk av båt og garn er ein særskilt skånsam måte å drive prøvefiske på, so prinsippa i § 12 er og fylgde opp.

**Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde gjev Øvre Naustdal Utmarkslag tilskot på kr 37.500,- til prøvefiske og bestandskartlegging i Vonavatnet.

**Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg.

Styret ba og forvaltaren om å arbeide vidare med innhenting av kunnskap kring fiskeressursane i og rundt verneområdet. Ein bør vurdere å få til eit prosjekt for heile verneområdet der ein arbeider med dette.

## ST 43/12 Investering i jernhest

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 21.08.2012

Verneområdes tyret for  
Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Saks fremlegg

Arkivsaksnr: 2011/4917-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 25.07.2012

Utvalg	Utvalgs sak	Møte dato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde		21.08.2012

### Investering i jernhest

#### Bakgrunn

Skålastiprosjektet har gått til innkjøp av ein jernhest. Det er eit beltegåande motorisert transportreiskap som er velegna til å transportere treverk, stein, grus og utstyr i kupert terreng der anna reiskap som til dømes ein traktor ikkje kjem fram. Skålastiprosjektet har i sommar testa ut og brukt jernhesten til å køyre ut grus på stien oppover mot Skåla.

Skålastiprosjektet ynskjer at jernhesten skal vere eit spleiselag der Skålastiprosjektet bidreg med ein tredjedel, Jostedalsbreen nasjonalpark bidreg med ein tredjedel, og Naustdal-Gjengedal Ivo og Åfotbreen Ivo i lag bidreg med siste tredjedelen. Alle eigarane vil ha fri tilgang til bruk av jernhesten.

Den formelle eigarskapen til jernhesten vert lagt til Statens naturoppsyn. SNO har mange andre maskiner, køyrety og utstyr, og har gode rutinar for stell og vedlikehald. Det er og ryddig at ein offentleg aktør som er samarbeider med både Skålastiprosjektet og verneområdestyra, står som formell eigar.

#### Vurdering

Aktuell bruk og nytteverdi for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er først og fremst ved arbeid på stiar. Jernhesten kan nyttast til transport av trekloppar, materialar og stein som skal nyttast i tilretteleggingsarbeid. Til dømes vil ein kunne frakte trekloppar over myrar nesten utan å setje spor etter seg i det heile. Vi har bestilt ein del slike trekloppar som vi mellom anna vil nytte i Langedalen og kanskje i Traudalen. Ein jernhest vil vere særst godt eigna til å legge ut desse.

Jernhesten er ein sær sars allsidig reiskap, som kan brukast til mange ulike ting i eit verneområde. Ein ser og for seg at ein kan stille opp med jernhest å hjelpe grunneigarar og brukarar med transport. Dette både for å vere serviceinnstilt overfor grunneigarar og brukarar, men og for å få skånsam transport.

Styret har fått bra med midlar til ulike tiltak i 2012, både over bestillingsdialogen og i tiltaksmidlar. Vi har altso eit romsleg budsjett i år, men vi veit ikkje korleis det vert framover. Det kan derfor vere lurt å i gjere investeringar no, som kan nyttast i fleire år framover.

### **Finansiering:**

Jernhesten kosta kr 126.250,- ink mva + 2.718,- i frakt. Totalt kr 128.968,-

Skålastiprosjektet:	kr 42.990,-
Jostedalsbreen:	kr 42.990,-
Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen	kr 42.990,-

Skjerven som Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen eventuelt skal bidra med må delast mellom dei to styra. Ein må rekne med at Naustdal-Gjengedal vil nytte ein jernhest meir enn Ålfotbreen, då det er fleire stiar, fleire hytter og meir aktivitet i Naustdal-Gjengedal. Verneområdeforvaltaren føreslår at Naustdal-Gjengedal yter to tredjedelar og Ålfotbreen ein tredjedel av den felles skjerven.

Det vert då:

Naustdal-Gjengedal:	kr 28.660,-
Ålfotbreen:	kr 14.330,-

Styret for Naustdal-Gjengedal kan hente desse midlane frå bestillingsdialogen 2012 og den potten som er prioritert til stiltak.

### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde går med i spleiselag for å finansiere kjøp av jernhest, og blir med det medeigar i jernhesten og kan nytte denne fritt.

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde går inn med kr 28.660,-, som er 2/9 av den totale kjøpesummen. Styret hentar desse midlane frå posten til stiltak over som vart tildelt og prioritert over bestillingsdialogen 2012.

### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med verneområdeforvaltaren sitt framlegg



## **ST 44/12 Orienteringssak - Status på tiltak og prosjekt i 2012**

### **Verneområdeforvaltaren orienterte om status på tiltak og prosjekt i 2012:**

- Stiltak:
  - Vi har tinga eit lag med 3 Sherpa i 2 veker. Dei skal jobbe med stiar i Gjengedalen og ved Stegsvatnet.
  - Vi har tinga produksjon av kloppar/tregongar i furu. Desse skal nyttast på stiar som går i myrlendte og blaute område.
  - Styret har no vedteke å investere i jernhest som kan nyttast til ulike stiltak.
- Uttak av framande artar:
  - Verneområdeforvaltaren har starta arbeid med skjøtselsplan for Nesstølen og Nesrimma i Naustedalen. Her står det ein del gran.
- Nettsida til verneområdet er oppe å gå. Forvaltaren legg ut nyheiter, informasjon, protokollar osv.
- Flyfotografering av landskapsvernområdet er delvis gjennomført.
- Merking av grensene med «løveskilt» nesten ferdig.
- Jordskifteretten skal merke grensene i desse dagar og utover (FM ansvarleg)
- Midlar til Naustdal og Førde Saueeigarlag er utbetalt
- Arbeidet med parkeringsplass på Fitje har ikkje starta. Dette arbeidet fekk midlar over bestillingsdialogen for 2012. Ventar på tilbakemelding frå grunneigarar.

## **ST 45/12 Orienteringssak - Framtidige tiltak og prosjekt**

### **Verneområdeforvaltaren orienterte om framtidige tiltak og prosjekt som er aktuelle:**

- Stiltak
  - Traudalen: Forvaltaren og naturoppsynet har sett på råsa her i lag med grunneigar. Stien er steinete, og storfe sliter med å komme seg inn. Grunneigar ynskjer å få råsa utbetra slik at han får inn fleire beitedyr, og det vil og vere positivt for verneføremålet. Naturoppsynet tilrår maskinell utbetring. Det er aktuelt å søke om pengar over bestillingsdialog 2013.
  - Legge kloppar til stien i Langedalen.
  - Saueeigarar som har sauer på beite innanfor Storevatnet kjem til å søke om midlar til å bygge to bruer i det området. Ved stor vassføring er to elvar so store at det er vanskeleg å få sauene over, og lam vert tekne av straumen. Forvaltaren har vore på synfaring saman med saueeigarane.
- Skjøtsel, fjerne gran i Naustedalen. Rydding og skjøtsel på stølane.
- Forvaltaren har starta på arbeidet med å få utarbeida ein tiltaksplan.

## **ST 46/12 Eventuelt**

### **Verneområdeforvaltaren orienterte om følgjande saker under Eventuelt:**

- Helikopterbruk i samband med grensemerking er vurdert til å vere innanfor regelverket utan dispensasjon. Direkte heimla i forskrift, då dette er ei oppgåve på oppdrag for forvaltninga.
- Grunneigarar i verneområdet har starta eit forprosjekt for å sjå på mogelegheiter for næringsutvikling i og rundt verneområdet. Dei planlegg mellom anna ein studietur. Aktuelt for styret å vere med på?
- Reinsjakt i området er i gang. 10 løyver er fordelt.